

HYRDINGEN

NR. 6

Desember 2012

ÅRGANG 54

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Teikne- og diktkonkurranse

Side 3



Musikk til glede - balsam for sjel

Side 8-9



Aana Sabina er vinnar av teiknekonkurransen for grupper 5. - 7. klasse frå alle skulane. Ho er 11 år og går på Vats skule.

Eg er så glad kvar julekveld,
for då vart Jesus fødd.
Då lyste stjerna som ei sol,
og englar song så søtt.

Det vesle barn i Betlehem,
han var ein konge stor,
som kom frå høge himmelborg
ned til vår arme jord.

Sondre Sørås Genberg,
9A Ølen skule. Vinnar av
julediktkonkurransen:

Jesus barnet
født i ein stall
er vår hyrding
redda alt
me var fortapt
til du blei født

God jul!





HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3201.53.18049
Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,
5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idé, Ølen

SOKNEPRESTANE: **Soknepresten i Ølen**

Johannes Nedrelid, Eiotunet,
Pb. 60, 5588 Ølen
Tlf. 53 65 65 41 Fa 53 76 72 00
Privat 53 76 86 22
Epost: johannes.nedrelid@
vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12
ons kl. 12.30-14

Soknepresten i Skjold
Skjold kyrkje, Pb. 6, 5574 Skjold
Tlf. 52 76 73 82 Fa 52 76 73 89
Kontortid: Tys 9-15

Jon Ådnøy (vikar)
Mobil 932 45 645
jon.adnoy@
vindafjord.kommune.no

Soknepresten i Vikedal
Harald Eintveit, Kommunehuset,
Pb. 40, 5583 Vikedal.
Mobil 413 25 280

Kontortid: Tor 9-15

Prostiprest:
Bjarne Hjelvik

Fengelsprest:
Arild Markussen tlf. 944 39 639

Mandag er prestane sin fridag.

Organistar:
Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Kyrkjeverja i Vindafjord
Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 52 76 73 85 / 977 64 146

Soknerådsleiarar:
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vikedal: Herdis Pedersen
Sandeid: Rakel Årak
Vats: Arild Urdal
Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug
Bjøa: Trond Ove Alvseike
Vikebygd: Brit Nelly Tveit
Skjold: Ottar Krakk

Biskopen har ordet

ved biskop Erling J. Pettersen



Ei rosehelsing

Ein av dei finaste opplevingane i haust var Salmekvelden vi inviterte til i vår eiga stove. Det blei trønt om plassen og songgleda var sterkt.

Salmediktaren Eyvind Skeie var saman med oss, og han hadde valt ein tekst av jula sin store salmediktar, Svein Ellingsen: «Det finnes en dyrebar rose». Biletet av rosa som «trosser all frost på jorden/ og blomstrer og blomstrer igjen» har levd i meg sidan. Eg ser for meg rosetoga etter tragedien 22. juli, og blomehavet framfor fleire av kyrkjene våre, og let salmeteksten komma inn:

«Den blomstrer fremdeles i verden
og dufter av sommer, til trøst
for alle som bøyes av smerte
i jordlivets nakne høst.

Å, brennende rose som blomstrer
i kulde og smerte og savn!

Å, hellige tegn på jorden
Guds kjærighet er dens navn.»


Guds kjærleik som fekk andlet i eit nyfødt, sårbart barn i ei krybbe. Englane svarte på Guds kjærleik med song: *Ære være Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i!* (Lukas 2,14)

Som mi julehelsing gjev eg vidare denne første julesongen og eit lite dikt av Ragnhild Bakke Waale om den første salmekvelden på Betlehemsmarkene;

«Kjære juleengler»:

*Så vakert dere
sang den natten,
den stjernenatten
på hyrdemarkene,
så uendelig vakker
gjenklangen er
fra den magiske
stjernenatten,
gjenklangen gjen-
nom århundre,
vakkert drysset ut
som stjernene over
jordas netter,
så lyset stråler
fram
over skyggelandet.*

Velsigna julehøgtid!



Vinnar 1-4 klasse. Teikna av Hanne Landbo, 4. klasse ved Vågen skule.

Redaksjons- pennen



Av Steinar Skartland

Dagane er korte på denne års-tida, og det blir tidleg mørkt. Der eg bur er det ikkje gateljos langs vegen. Er det attpå til overskya så er eg avhengig av lommelykt for å finna fram langs vegen.

Han ser svart på det, og ho var mørk til sinns, er uttrykk vi nyttar når vi ikkje ser løysingar eller tankane berre fokuserer på det vanskelege. Då kan det vera godt om ei lita solstråle kjem og får dela litt gleder med oss. Nokon som kan hjelpe oss til å sjå eller oppleva gleder i kvardagen. Ofte er den hjelpe ein treng at nokon bryr seg. Kan leggja ein arm rundt skuldra på den andre. Vera der til stades for å lytta eller for å trøysta.

Jesus har fått mange namn i Bibelen: Lyset åt verda, Trøystaren, Den gode Hyrdingen og Redningsmannen er nokre av dei. Ikkje til å undrast over at englane møtte gjetarane med orda: "Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket." Jesus var fødd. Og med han skulle det fylgje glede og lys.


Når me nå i julehøgtida skal feira Jesus, Guds son, så vonar eg at mange kan nyitta desse dagane til å spreia litt lys og glede til folk dei møter. Gleda ein som er trist eller å dela litt av tida di med ein som er åleine. For Jesus sa: 'Sanneleg, eg seier dykk: Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg.' Det vil vera ei god gåve til Jesus på fødselsdagen hans.



Teikne- og diktkonkurransen

Teiknekonkurransen

Også i år har Hyrdingen invitert alle elevar i 1. - 7. klasse i Vindafjord til å delta i konkurransen om beste teikning med julemotiv. Alle skulane har vore med, og Hyrdingen takkar for om lag 370 fine juleteikningar. Elevane konkurrerte i to grupper: Elevar i 1. - 4. klasse og elevar i 5.- 7. klasse. Det er kåra ein vinnar for alle skulane i kvar av klassane, og vinnrarar på kvar skule i quart av hovudstega dersom det var nok deltaking. Ein jury har saman med redaksjonen valt ut dei beste bileta. Vinnarbileta er tatt inn i dette nr. av Hyrdingen. Me gratulerar alle! Det vil kome ein liten premie til dei som har vunne.



Vinnar 3-4 klasse. Teikna av
Ida Pettersen, 4. klasse ved Ølen skule.



Hovudvinner:
Ana Sabina.

Den beste teikninga (klasse 5-7) er laga av Ana Sabina som er 11 år og går på Vats skule. Du ser teikninga på fram-sida av bladet. Vinnar i klasse 1-4 er Hannne Landro som går i 4. klasse ved Vågen skule.

Nytt i år: Dikt

For første gang har Hyrdingen utfordra elevar i ungdomsskulane til å skrive eit juledikt der det sentrale frå juleevangeliet er med. Det kom inn mange fine dikt frå Ølen skule. Vinnar vart Sondre Sørås Genberg i klasse 9A. Diktet er tatt inn på framsida av Hyrdingen. Ein andrepremie går til Martin Ivesdal i same klasse. Du finn diktet her i bladet.


Jul

*Eg elskar jul
Eg elskar juleevangeliet
Eg elskar gleda over at han vart fødd
Eg elskar jul
Eg elskar maten, drikka og presangane
Eg elskar jul, alle er så glade då
Eg elskar jul*

Martin Ivesdal, 9A Ølen skule
2. premie i julediktkonkurransen



Vinnar 5-7 klasse. Teikna av Hanna Olsen, 6. klasse ved Vik skule.



Vennskapskonserten Vindafjord - Ihosy

I år, som i fjar, var det god oppslutning om Vennskapskonserten i Skjold kyrkje. Vel 300 personar var innom dørene.

Konserten synte at det er mange flinke song- og musikk-krefter i kommunen vår. Og at det kjem stadig nye talent er Vegard Skartland eit døme på. Inntektene for konserten vil gå til unge i vennskapsbyen vår i Ihosy, mellom anna til å

fremja engelskkunnskapane til ungdom. Mange der som treng ei oppmuntring og hjelpe i ein vanskeleg kvardag. Gjennom vennskapssamarbeidet Vindafjord – Ihosy prøver me å gje eit lite bidrag med å finansiera små prosjekter. Men først og fremst vil me skapa vennskap og visa dei at me veit om dei og at me bryr oss. Vennskap Vindafjord – Ihosy.

Tekst og foto: Steinar Sørhus



Gro Marit leverte i år også med stort trykk og innleiving. Her i samsong med Kjetil.



G17-folka bidrog med song og musikk, men også i høg grad med lyd og lys.



Birte Barane ønskete velkommen til konsert på vegne av Vennskapskomiteen.



Lydia og Julie (+ Gunnbjørg gitar) fra Vikedal hadde ein vakker duett.



Martin Ivar var konferansier; her i samtal med eit par av karane i Level 6.

Gullkonfirmantfest i Vikedal



Dei 10 frammøtte gullkonfirmantane i Imsland, Vikedal og Sandeid vart presenterte under gudstenesta i Vikedal kyrkje sundag 2. sept. På den trivelege festen etter gudstenesta ser me fylgjande: Inger Helen Nilsen, f. Torsteinbø, Wilhelm Hustveit, Aud Lilly Skjeldal, f. Mo, Øystein Kaldheim, Gunvor Eli Opsal, Magnar Hårde, Sonja Marie Baustad, f. Lillemo, Magne Inge Nybru, Margit Ørke, f. Espvoll og Lars Helgevold. (Tekst/Foto: Harald Eintveit)

Skattejakt for førsteklassingane trass manglande kyrkjelydspedagog

Trass i to rundar med utlysing av 50 % stilling som kyrkjelydspedagog har det ikkje lukkast å få ein kvalifisert person til å gå inn i stillinga. Det er me veldig leie for. Men Felles utval for trusopplæring (FUT) kjenner forpliktinga overfor alle som har bidratt med pengar til stillinga og borna som har rett til gode opplevingar i møte med kyrkja og den kristne trusarven og vel difor å bruka av dei innsamla midlane til å setje i gang tiltak.

Våren 2013 blir alle førsteklassingane i kommunen inviterte til å vera med på **DEN STORE SKATTEJAKTA** med fire samlingar i si lokale kyrkje. I dei minste bygdene blir to årskull inviterte. Fem engasjerte kvinner har tatt på seg å gjennomføre tilbodet og får med seg frivillige frå kvar bygd. FUT har i forståing med tilsetjingsutvalet til Fellesrådet vedtatt å bruke av dei innsamla midlane for å løne dei hovudsansvarlege på timebasis, slik at ein kan gjennomføre det nye

tiltaket på ein fagleg god måte. Desse personane er: Berit Stople, Sandeid, Lilian Eikeland, Vikedal, Liv Eidhammar Mangrud, Skjold og Kjersti Bjerga, Vikebygd. Kateket Britt Karstensen koordinerer tiltaket og tek også på seg ekstra timer ved gjennomføringa. Me vonar og trur at dette tiltaket blir tatt godt imot av borna og deira føresette.

Berit Stople er dessutan engasjert for oppdrag med barnehagebesøk i Vikedal prestegjeld, slik at alle barnehagane i kommunen no får besøk av kyrkja sine folk ein gong i året, og ho tek nokre oppdrag med kontorarbeid som avlasting for kateketen.

Det er også innsamla midlar som gjer at Babysong kan gjennomførast tre gonger i året. Det er veldig populært og med så stor pågang at me må vurdere om det skal utvidast med endå eit kurs. Babysong rekrutterer foreldre og spedbarn frå heile kommunen og går over 10 samlingar pr. kurs.

FUT vil i neste møte etter jul vurdere

vidare tiltak for rekruttering til stillinga som kyrkjelydspedagog og me gir ikkje opp håpet om å få tilsett ein person i løpet av 2013.

Som de skjønar går dei innsamla midlane til arbeid med borna. Me reknar at desse engasjementa totalt vil utgjera om lag 40 % stilling det første halve året i tillegg til kateketen sin faste auke på 20 % stilling. Innsamlingsarbeidet held difor fram. Om endå fleire givarar melder seg kunne me kanskje klare å lyse ut meir enn 50 % stilling neste år. Me vonar også på vidare tilskott frå kommunen.

Me vonar summen av dette opplevest som godt nytt trass i endra vilkår i høve til det som var tenkt. Så må de gjerne be om at det må lukkast å finne rett person til stillinga!

*Kari Vik Stuhaug
Leiar Felles utval for trusopplæring*



Vinnar 1-2 klasse. Teikna av Maren H. Heggebø, 2. klasse ved Sandeid skule.



Vinnar 5-7 klasse. Teikna av Aina Brekke Yndestad,
7. klasse ved Bjoa skule.



Vinnar Imsland skule, trinn 1-4: Linnea Hansen, 4. klasse



Vinnar 5-7 klasse. Teikna av Eirik Vetrhus, 7. klasse ved Ølen skule.



Weekend for Ølen kyrkjelyd

**25. – 27. januar 2013
på Stemnestaden leirstad**

Kyrkjelaget arrangerer weekend etter same oppskrift som i fjor med familievenleg opplegg med aktivitetar for alle aldrar. Ola Ohm er med som talar, pianist og forsongar!

Har du tid til å lytte?



Som telefon- eller chattevakt hos Kirkens SOS kan du bidra til at andre får det bedre, samtidig som du selv får perspektiv på livet.

Vi søker kvinner og menn over 20 år som selv ikke er i en aktiv krisje, har tid til å bry seg, og lyst til å utvikle seg.

Innføringskurs for frivillige til chatting eller telefon starter i Stavanger onsdag 30.januar 2013.
Dag kl 10-13 eller kveld 18.30-21.30

Kontakt Kirkens SOS i Rogaland på
tlf.: 51 88 45 15, mobil 971 70 995
e-post: rogaland@kirkens-sos.no





Unni Hilt

Musikk til glede og til balsam for sjel

Kva er vel betre enn ein god song eller ei fin musikkoppleveling når regn og vind gjer utelivet hustre og kaldt. I haust har det vore fleire fine song og musikkopplevelingar i Skjold kyrkje.

Av: Gunnar Listog

17. oktober gjorde vokalisten Unni Hilt eit nydeleg dykk i salmeskatten vår. Saman med dyktige musikarar hadde ho funne fram gamle og nye song og salmeskattar av mellom anna Lina Sandell, H.A. Brorson, Per Sivle, Åge Samuelssen, Erik Bye.

For dei frammøtte vart det ein unik salmekveld.

Ein heilt annan konsertoppleveling vart det då Sigrid Moldestad med sitt band gjesta kyrkja i november. Folkemusikaren, låtskrivaren og vokalisten med musikalske røter i ulike musikk-sjangrar, fekk det verkeleg til å svinge i kyrkja, Saman med musikarane Roald Kaldestad, Anders Bitustøyl og Sigbjørn Apeland gav Sigrid Moldestad dei frammøtte ei musikalsk oppleveling som gjerne fleire skulle opplevd, Ikke rart CD-ane ho hadde med for sal, var selde før alle tilhøyrarane hadde nådd å koma seg ut or kyrkjeskipet.

Det er Kulturutvalet i soknerådet som har skipa til desse konsertane. Medlemmene her vonar endå fleire etter kvart finn vegn til kyrkja på konsert/ og andre kultur-arrangement. Då kan ein etter kvart leggja lista endå høgare.

Ei spesiell musikalsk oppleveling var det då Ingelinn Strømme Sivertsen gjesta kyrkja. Den mjuke og vare stemninga som vart då ho presenterte den nye CD-en og boka "God Natt" med kjende og mindre kjende godnattsangar – då skulle alle med småborn sete i kyrkjebenkene, Kanskje me må få henne attende og invitere alle med småborn i huset til godnatt-songkveld i kyrkja?

Kulturutvalet planlegg nye kulturarangement i Skjold kyrkje, arrangement me vonar vert til glede og oppmuntring både for bygdefolk og utanbygds.

Misjonsmessa

Den årlege misjonsmessa vart som van-

leg arrangert på Isvik bedehus 16. og 17, november.

Båe dagane var det ein fullsett festsal som yrde av aktivitet; song, tale, andakt, loddosal, åresal, laurdagsgraut, sal av lappar og potetkake og veger og bord fulle av flotte gevinstar og gåver.

Ikkje rart eit slikt arrangement samlar folk.

I år fekk dei entusiastiske misjonskvinnene med Kjellaug Eike i spissen inn 148 061 kroner.

til misjonsarbeid i ulike delar av verda.

Speidargudsteneste

Søndag 18. september var det speidargudsteneste i Skjold kyrkje. På biletet ser ein dei eldste i speidartroppen. I alt 110 små og store er med i speidaren i Skjold.

Under gudstenesta var det og tre barnedåpar, og det var flott song av Guro og Elisabeth akkompangert på gitar av Geir Tore.



Sigrid Moldestad med band.



Ingelinn Strømme Sivertsen



Dei eldste i Skjold speidartropp.



Gamlepresten og misjonæren Trygve Sandvik i humoristisk drøs.



Speidargudsteneste: Guro og Elisabeth akkompangert på gitar av Geir Tore.

Avgangsklassen 1962 Gullkonfirmandar i 2012



1. rekke: Ingeborg Eikeland, Liv Helga Landa, Anne Marit Landa, Astrid Eikesdal, Ragnhild Blikra Gunvor Eike. **Hilgot Gjellestad.** **2. rekke:** Aslaug Bauge, Odd Frantsen, Nils Olav Eidhammer, Asbjørn Eidhammer, Skjalg Magnus Duesund, Harald Inge Hansen, Helga Svantesvold

Av: Jørgen Landa

Her ser me dei 14 elevane ved Øvre Vats skule som sluttar skulen i 1962. Dette var òg året då dei ”gjekk og les”, og 2012 kunn dei feira ”gullet” som konfirmandar. 3 av desse er borte i dag. Me ser nr 2 og 3 i 1. rekke – Liv Landa og Anne Marit Landa. Den 5. i same rekka er Ragnhild Blikra. Dei fekk alle eit heller kort liv. Me lyser fred over minnet deira!

Me finn dei andre på neste biletet saman med presten i dag Jon Ådnøy. Han tykte det var ”gjævt” at dei søkte attende til konfirmasjonsstaden for å feira og for å minnast. Me veit at minna ofte er nista vår på vegen gjennom livet.

Nils Olav hadde ordet og minnest presten deira Kaare Time. Det var ein flott fyr, og dei hadde skriftlege oppgaver her i kyrkjebenkene som var der dei møtte presten sin i den tida då dei ”gjekk og les.” Ja, dei laut sykla både til og frå i dei tidene. Men buda lærte dei og – salmevers! Han var sokneprest her 1959-1967. Desse konfirmandane var med andre ord ei



Teikna av Eva E. Nordtveit, 2. klasse ved Vats skule.



Teikna av Janne Byrkja, 4. klasse ved Skjold skule.



Teikna av Jens Frønsdal, 5. klasse ved Vågen skule.



Teikna av Kristine Nybru, 2. klasse ved Vikedal skule.



dei tre fyrste kulla han hadde.

Dei ville gjerne bli fotograferte saman med nypresten vår i dag Jon Ådnøy. Han er i gang med det fyrste konfirmasjonskullet i Vats.

Ådnøy heldt ein klar tale til kyrkjelyden denne søndagen. Teksta var om det Jesus seier om skilsmål og gjengifte. Han var svært klår og som han sa det - Eg snakkar like mykje til meg sjølv! Hovudbodska- pen hans var at me alle er til for kvarandre og at me alle må ned av den "pidestallen" me sjølve ofte ynskjer å vera på. I staden burde me takka for livet og leva det til bate for medmenneska våre.

Me seier takk for ein fin søndag i Vats kyrkje og ynskjer alt godt vidare for gul-konfirmantar, prest og kyrkjelyd.



1. rekke: Aslaug Bauge, Skjalg Magnus Duesund, Gunvor Eike, Astrid Eikesdal, Dagfrid Grepstad, Inger Røgenes. 2. rekke: Bjarne Nesheim, Nils Olav Eidhammer, Harald Inge Hansen, Hilgot Gjellestad, Helga Svantes vold, Hans Stokka, Johannes Ohm.

Ikkje til styades: Frå Nedre Vats: Mathilde Haga, Gunvor Åserød. Øvre Vats: Odd Frantsen, Asbjørn Eidhammer, Ingeborg Eikeland. 3 var døde: Liv Helga Landa, Anna Marit Landa. Ragnhild Blikra.

Jesus blir fødd

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrd til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

«Ære vere Gud i det høgste,
og fred på jorda
blant menneske Gud har glede i!»

Luk 2, 1-14



Teikna av Tomine H. Dahlberg, 6. klasse ved Vikedal skule.



Teikna av Viktor B. Heggebø, 4. klasse ved Bjoa skule.

BARNAS SIDE

Fargelegg





Teikning: Rikke Fjeld Jansen



Teikning: Rikke Fjeld Jansen

Prikk til prikk

Teikna ein strek
frå prikk til prikk
og sjå kva det blir



Teikna av Fredrik Kvinnesland,
4. klasse ved Vik skule.



Teikna av Vilde Marija Antanaviciute,
6. klasse ved Imsland skule.

ANNONSER OG KUNNGJERINGAR

Velkommen til
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)

 Vi er en del av   Vi er en del av  

Knaphus 
Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knaphus 
Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank
SR-BANK 

joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01
E-post: joker.vikebygd@ngbutikk.net



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61

Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80



INVITASJON

til alle førsteklassingane i Vindafjord:

Bli med på

DEN STORE SKATTEJAKTA


Det skjer i kyrkja der du bur, fire samlingar i løpet av våren 2013

Skattejakt, bibelforteljing, leikar, kjekke songar, mat

Dei som er medlem i kyrkja får brev i posten. Andre born kan også vera med. Merk: I Imsland og Bjoa blir tilbodet gitt til to årskull. Pris: kr 100. Spørsmål?

Kontakt kateket Britt Karstensen, tlf. 53 65 65 42, e-post: britt.karstensen@vindafjord.kommun.no

Arr: Felles utval for trusopplæring i Vindafjord



STØRST AV ALT

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

 **Ølen Blomster**

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no



GRAVSTEIN



Se vår store
utstilling, eller ring
og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpelveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30

Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

FRÅ KYRKJEBOKA

SKJOLD

Døpte:

07.10. Ola Meland
07.10. Rebekka Frøyland-Utbjo
07.10. Anne Berit Dagsland

Døde:

05.10. Mats Moldesæter f.1938
14.10. Jenny Haraldseid f.1920

VATS

Døpte:

11.11. Håkon Eikesdal
11.11. Elida Fosse
11.11. Mathilde Sandvik

Døde:

12.10. Karen Serine Ohm Torland f.1916
25.10. Justine Indreland f.1921

VIKEDAL

Døpte:

14.10. Isabel Einara Eide
14.10. Olava Blikra

Døde:

27.10. Brita Øverland f.1918

SANDEID

Døpte:

07.10. Elvira Marie Miljeteig Svendsen
28.10. Erik Furseth

ØLEN

Døpte:

Leander Østebøvik Olsen

Døde:

Karsten Olaus Klungland	f. 1920
06.11. Anna Klungland	f. 1924
10.11. Helga Marie Årra	f. 1973
11.11. Eli Marie Eide	f. 1917

VIKEBYGD

Døpte:

Sondre Stene Bauge
Sivert Øvstdal

Døde:

24.10. Line Egge	f. 1930
------------------	---------

BJOA

Døde:

06.10. Elisabeth Marie Eitrheim	f. 1922
---------------------------------	---------

MØTER OG KUNNGJERINGAR

Årsmøte for nytt bedehus/soknehus i Vats vert på Kårhus bedehus mandag 28. jan. kl. 19.30 . Andakt v/ Jens Tveit. Årsmøtesaker, litt mat og kaffi.

Misjonsmess på Isvik Bedehus i november
ga eit brutto resultat på kr 148.061,-, som vi takkar alle for.

Julekonserten

“Den Fagraste Rosa”

Det blir julekonsert med Julie Skipevåg Andreassen og Lydia Haugan Helland m/band i Vikedal kyrkje mandag 17.des. og i Imsland kyrkje tysdag 18.des., kl. 20.00 begge stader. Dei vil presentere både kjende og meir ukjende julesongar. Det er gratis innlegg, men dei som ønskjer det kan gi ei gave til kreftsaka. Konserten er i samarbeid med sokneråda i Vikedal og Imsland.



Øvre Vats bedehus

12/1-13 Nyttårsfest kl 19.00 Talar Kørner Høye
29/1-13 Onsdagsmøte NMS kl 19.30
19/2-13 Onsdagsmøte Israelsmisjonen kl 19.30

Hjarteleg takk til alle som støtta demensaksjonen 2012. Flott resultat: 18222,-. Nedre Vats Helselag

Vågen Bedehus

Søndag 9. des	Advents/julemøte
Onsdag 12. des	Bønnemøte
Søndag 16. des	Lysmesse i kyrkja
Torsdag 28. des	Julefest

Venta og lengta

Onsdagsmøtet i Vats 12. desember kl. 19.00 blir i kyrkja, i form av ei adventstund i ord og tonar.

- Det blir ikkje skikkeleg jul utan advent først, meiner Per Egil Meling. Saman med musikaren Odd Jan Hagen frå Stavanger har han sett saman salmar, motettar og bibeltekstar som handlar om å venta og lengta, profetiane om Jesu kome – og at han skal koma att.
- Det finst så mykje fine tekstar og melodiar om dette, også i våre salmebøker, seier Meling. I adventstimen blir det solosong, mykje fellessong, lystenning og skriftlesingar.

Vi syng jula inn

Sandeid kyrkje 11.12 kl. 18:00

Andakt: Kørner Høye. Borna syng. Tripp Trapp

Vikedal kyrkje 12.12 kl 19:00

Andakt: Bjarne Hjelvik. Musikkorpset, Olagutane, Monica Haugan Ida Marie og Julie Andreassen, Lydia Haugan, Beate Tandervold, **Imsland kyrkje 13.12 kl 19:00**

Fellesmøtene i Vats blir på tirsdager i 2013

Blikrab. 15. jan.indresjø. Kårhus 22. jan. samemisj. Ø.V. 29.jan. nms. Blikrab. 5.feb.nlm. Kårhus 12.feb.normisj. Ø.V. 19.feb. israelmisj. Blikrab.26.feb.samemisj. Kårhus 5.mars indresjø.

”60+ treff” i Skjold kyrkje våren 2013. Skjold sokneråd ved diakoniutvalet ønskjer velkommen til uformelle, sosiale samvær i kyrkjelydsalen 4 torsdagar til våren 24. jan, 28. feb, 4. april og 23. mai. kl.14.00 - kl.16.00. Her blir mykje prat med kaffi og litt attåt.

Vikebygd bedehus

13. des.	19.30	Adventsmøte
28. des		Juletrefest
10. jan.	11.00	Tripp-trapp
10. jan.	19.30	Gladsong, Else og Kjell
24. jan.	19.30	Georg Kallevåg, Indre Sjø
14. febr	11.00	Tipp-trapp
21. febr	19.30	T. Steinsland, Indremisj.

Korleis har du det...
EIGENTLEG?
Eit menneske å snakke med når livet er som verst
Kirkens SOS 815 33 300
SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Andaktstelefonen
380 91 700
Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag
Tjenesten er gratis

Neste nr. av Hyrdingen kjem ut 7. febr.
Stoff kan sendast til:
Hyrdingen, postboks 6, 5574 Skjold.
E-post: redaksjonen@hyrdingen.no
Frist for innlevering av stoff: 19. jan. 2013

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudstenestesundag	Vikedal prestegjeld	Skjold prestegjeld	Ølen prestegjeld
16. desember 3.s.i adv. Joh 5, 31-36	Vikedal kyrkje kl. 17.00 Lysmesse Konfirmantane tek del Takkoffer:	Vats kyrkje kl. 11.00 Generasjonsgudsteneste Nattverd. Takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord	Ølen kl. 19.00 Lysmesse Konfirmantane tek del. Takkoffer: Misjonsprosjekt
23. desember. 4. s.i adv. 2. Kor 1, 18 - 22	Inga gudsteneste	Inga gudsteneste	Inga gudsteneste
24. desember Julafast Luk 2,1-20	Sandeid kyrkje kl. 14.30 Takkoffer: Kirkens Nødhjelp Vikedal kyrkje kl. 16.00 Takkoffer: Kyrkjel.arb. Imsland kyrkje kl. 15.30 Takkoffer	Skjold kyrkje kl. 14.30 Takkoffer: Misjonsprosjektet Vats kyrkje kl. 16.00 Takkoffer: Misjonsprosjektet	Ølen kl. 14.30 Offer: Kirkens Nødhjelp Ølen kl. 16.00 Offer: Kyrkjelyden Bjoa kl. 14.30 Offer: Kyrkjelyden Vikebygd kl. 16.00 Offer: Misjonsprosjektet
25. desember Juledag Joh 1,1-14	Vikedal kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste Dåp. Nattverd. Takkoffer:	Vats kyrkje kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste Nattverd Takkoffer: NMS	Ølen kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste Offer: Kyrkjelydpedagog
26. desember 2. juledag Joh 16, 1-4a		Skjold kyrkje kl. 11.00 Nattverd Takkoffer: Norsk Misjon i Øst	
30. desember Romjulsøndag Luk 2, 25- 35	Imsland kyrkje kl. 11.00 Høgmesse Nattverd Takkoffer:		
31. desember Nyttårsaften Matt 11, 25-30	Sandeid kyrkje kl. 16.00 Gudsteneste m. nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydpedagogstillinga.	Vats kyrkje kl. 23.00 Midnattsmesse Takkoffer: Feedback	
1.januar 2013 Nyttårsdag Matt 18, 19-20			Ølen kl. 12.00 Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Evangeliesenteret.
06. januar Kristi Openberringsdag Joh 12, 42 - 47	Vikedal kyrkje kl. 11,00 Høgmesse Nattverd Takkoffer	Vats kyrkje kl. 11.00 Nattverd Takkoffer	Bjoa kl. 17.00 Høgmesse Nattverd. Takkoffer
13. januar 2.s. i Openberringstida Kol 1, 15-20	Imsland kyrkje kl. 16,00 Høgmesse Nattverd, Takkoffer	Skjold kyrkje kl. 11.00 Familiegudsteneste Utdeling biblar 5.-klasse Takkoffer	Ølen kl. 11.00 Høgmesse Nattverd. Takkoffer
20. januar 3.s. i Obenberringstida Joh. 1, 15 - 18	Sandeid kyrkje kl. 11,00 Høgmesse Nattverd Takkoffer	Vats kyrkje 11.00 Familiegudsteneste Utdeling biblar 5.-klasse Takkoffer	Ølen kl. 19.30 Kveldsgudsteneste med nattverd. Takkoffer. Vikebygd kl. 17.00 Familiegudsteneste. Biblar til 5. klasse. Takkoffer
27. januar Såmannsøndag Matt 13, 24-30	Vikedal kyrkje kl. 11,00 Familiemesse m. nattv. Takkoffer. Utd. av konf.-bibel til 11-åringane.	Skjold kyrkje kl. 17.00 G-17-gudsteneste Nattverd Takkoffer	Ølen kl. 11.00 Høgmesse Nattverd. Takkoffer
03. februar Kristi forklaringsøndag Luk 9, 28 – 36	Imsland kyrkje kl. 11,00 Familiemesse m. nattv. Takkoffer. Utd. av konf.-bibel til 11-åringane.	Vats kyrkje kl. 17.00 Nattverd Takkoffer	Bjoa kl. 11.00 Familiegudsteneste. Biblar til 5. klasse. Takkoffer
10. februar Fastelavnsøndag Luk 18, 31 -34	Sandeid kyrkje kl. 16,00 Familiemesse m. nattv. Takkoffer. Utd. av konf.-bibel til 11-åringane.	Skjold kyrkje kl. 11.00 Nattverd Takkoffer	Ølen kl. 11.00 Høgmesse. Nattverd. Takkoffer.

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)